

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen	
Tid og stad	Tirsdag 18.04.23 kl. 09-14, Finstuen, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	Linda Haugland (FFO), Eli Sjø (FFO), Torveig Botnen (Pensjonistforbundet), Michael Sønnesyn (FFO), Reidun Tjønn Rinde (FFO), Raymond Lie (RIO), Everline Mjømen (Vestland Innvandrerråd), Atle Grung Eide (Kreftforeningen), Øivin Ask (SAFO), Trude Aarseth (FFO), Christel Borge Bersaas-Nesse (vara SAFO) frå kl. 10:30 Merete Eide Hernes, Seksjon for samhandling (referent)
Fråvær	Ulrikke Tranberg (SAFO)

Saksnr	Saka gjeld
23/30	Velkomen Eit fråfall, vararepresentant er kalla inn og kjem. Informasjon om nyheitssak på Innsida om Prioriteringsteamet og at brukarmedverkerar ønskjer og er klar for fleire oppdrag.
23/31	Godkjenning av referat, innkalling og dagsorden Orientering om utsending av saksgrunnlag – leder orienterer om at vararepresentantar berre vil få saksgrunnlag dersom dei blir kalla inn til møtet. De får tilsendt referat når disse er godkjent. Avgjerd: Innkalling og dagsorden er godkjent. Referat frå møtet 22.03.23 er godkjent.
23/32	Høyring og innspel til helsepersonellkommisjonens rapport, NOU Tid for handling ved rådgjevar Ingvild Sunde Runde rundt bordet – innspel frå Brukarutvalet: Oppgåvedeling Brukarutvalet støtter punkta under oppgåvedeling, 3, 4 og 5 og framhevar at det er eit stort potensiale i frivilligheit. På same måte som med likepersonar bør sjukehuset i større grad nyttiggjere seg av frivillige. Ein bør sjå til korleis Haraldsplass går fram når dei vel ut, lærer opp og nyttiggjer seg av frivillige sin innsats direkte i arbeidet på dei ulike avdelingane. Mykje arbeid skjer i organisasjonane allereie – til dømes Kreftforeningen og Mental helse. Nokre organisasjonar opplever allereie i dag at dei gir kunnskap og støtte til pasientar og brukarar, nokre interesseorganisasjonar får pasientar tilvist for psykoedukativ gruppeoppfølging. Vidare støtter Brukarutvalet kompetansehevande tiltak og oppgåvedeling avhengig av kva oppgåva er. Erfaringskonsulentar er ein stor ressurs som bør vere tettare på pasientane og inkluderast meir i pasientbehandlninga. I punktet som gjeld organisering av arbeidstid må det tydeleggjerast kor ein må endre arbeidsmiljølova Pårørande er ei ekstra ressurs og supplement til helsetenestene. Viktig å avgrense rollene, og at pårørande ikkje tar over funksjoner som er helsetenestene sine, som til dømes matlaging på sjukehuset.

	Sjukehusa bør bruke likepersonar meir – sjukehuset gir ikkje vegleiing til pasientane, og dei bør kontakte og engasjere likepersonar, til dømes ha ein ressursbank for likepersonar. Ein bør sjå til korleis Kreftforeningen har engasjert likepersonar, og korleis sjukehuset nyttar desse. Like personar tilfører kunnskap og aukar moglegheita for meistring for pasienten. Digitalisering og teknologi Tenke digital kompetanse breidt, og ut frå ulike funksjonsnedsettingar. Gjelder både alder og funksjonshemmingar. Ivareta grupper med særlege utfordringar. Digitale løysingar kan også frigje personellressursar slik at dei kan ivareta dei med spesielle utfordringar spesielt. Må ha back-up når teknologien sviktar. Ein må sikre opplæring av pasientar/pårørande og brukarar. Prioritering og reduksjon av overbehandling Faren for todelt helsevesen; de som har råd til å kjøpe tenestene kan gjere det privat. Kan gi et marknad som er personelltappande for offentlig helseteneste. Kompetanse og utdanning Punkta støttes. Forberede studentar og elever på arbeidskvardagen som møter dei, både turnusarbeid og verkelegheita. Skape tryggleik. Sikre kompetanse både i kommune- og spesialisthelsetenesta. Avgjerd: Brukarutvalet ber Ingvild Sunde ta med innspela inn i arbeidet med sjukehusets høyringssvar.
23/33	Program Sentralblokken ved Merethe Storegjerde, prosjektleiar Program Sentralblokken har ei tidshorisont på 10 år, per nå er det 5 pågåande prosjekt; eit av disse er Heilheit og samanheng. Fastsette framtidig kapasitets- og nærleiksbehov og overordna prinsipielle areal- og organisatoriske løysningar for sengepost, operasjon/intensiv og poliklinikk. Må være en del ein-sengsrom, men også nok fleir-sengsrom. Fleksibilitet er eit viktig prinsipp inn i programmet. Prosjektleiar ønsker no tilbakemelding på hovudprinsipp for framtidige sengepostar, både med tanke på type rom og miks, og korleis ein kan legge til rette for at pasientar og pårørande kan vere aktive. Innspel i møtet Gode skiljeveggar, skinnesystem som kan flytte veggar? Ivaretaking av teieplikt – personvern på fleir-sengsrom. 1-2 sengsrom gir større grad av ro og privatliv. Må også kunne lage rom med plass til fleire pasientar, tilretteleggje rom for fleire, men som enkelt kan gjerast om til mindre rom med skiljeveggar og skinner. Lage kriterier for kven som skal ligge i kva seng; kriterier for sårbarheit hos pasient, kva helseutfordringar ein har, tidsperspektiv, skjerming. Handlar også om kapasitet, personellmangel.

	Avgjerd Brukarutvalet ønsker å ha Program Sentralblokken fast på agendaen, 15 minutter kvart møte framover. Koordinator kallar inn prosjektleiar til møte.
23/34	Orientering om Brukarpanelet i Alrek helseklynge Eli Sjo er blitt oppnemnt som representant frå Brukarutvalet inn i Brukarpanelet i Alrek Helseklynge frå 2023 og er blitt utpekt som leiar av Brukarpanelet. Eli vil halde Brukarutvalet orientert om kva saker dei jobbar med her. Eli informerer om Alrek helseklynge og kva dei skal bidra med. Helseklyngen består av ulike partnerar som har forplikta seg til samarbeid om forskning, innovasjon, formidling. Partnerane er Helse Bergen, Bergen kommune, UiB, HVL, HDS og Vitenskapelige høyskole, Vestland fylkeskommune. Avgjerd: Brukarutvalet takker for informasjonen, og tar den til orientering.
23/35	Høyringsrunde – retningslinje for HLR (hjarte-lunge redning) Leiar i Brukarutvalet informerer om prosessen i prosjektgruppa som har jobba med ny retningsline for hjarte-lungeredning ikkje skal gjennomførast. Det kjem innspel i møtet om at retningsline verkar godt gjennomarbeidd. Avgjerd: Brukarutvalet syns det er viktig at ein får ein tidleg avklaring og at vurderinga av hjarte-lungeredning er individuell. Brukarutvalet tek retningslina til orientering. Leiar i Brukarutvalet gjer innspel til prosjektgruppas leiar.
23/36	Kva røyrrer seg i sjukehuset? v/ samhandlingssjef Grete Lill Hjartnes Dialogmøtar om budsjett med klinikkane/avdelingane og føretaksleiinga er nå ferdig. Det er krevjande økonomiske rammar. Partnerskapsmøte – Eivind Hansen, Randi-Luise Møgster, Grete Lill, samt Eli og Linda frå Brukarutvalet vil delta. Økonomisk situasjon og bemanningssituasjon gjer samhandlinga vanskelegare. Spørsmål om oppgåvegling og kven som skal betale for nye tiltak. Viktig at alle ser Helsefellesskapet som ein moglegheit. Det er faktisk opp til oss; det vi legg inn er det vi kan få ut. I nokre saker vil det vere ulike tolkingar, ulike forventningar, usemje om kva som er intensjonen. Når ting er vanskeleg må me tore å snakke om det. Pakkeforløp heim kreft – klare til å starte opp. Samling førstkommande fredag. Pakkeforløpet handlar i stor grad om dei pasientane som treng noko når dei kjem heim frå sjukehuset, og der kommunen må på banen, og skal vere eit tilbod og eit sikkerheitsnett i kommunen der ein kan få hjelp med ulike ting. Innspel: Kan dette overførast til dei prioriterte gruppene i Helsefellesskapet? Avgjerd: Brukarutvalet takker for informasjonen og tek den til orientering.
23/37	E-læringskurs informasjonstryggleik og personvern

	Medlemmar i Brukarutvalet som har fått eigen Helse Bergen-pc må gjennomføre e-læringskurs i Informasjonstryggleik og personvern. Dei som ikkje blei ferdig med kurset i møtet, gjer det ferdig heime.
23/38	Orientering til Brukarutvalet; ny metode for organdonasjon v/ fagdirektør Marta Ebbing Fagdirektør informerte om at ny metode for organdonasjon; cDCD kan bidra til at 10 - 20 % fleire kan få transplantasjon, fordi fleire organ blir tilgjengeleg. Alle dei andre donorsjukehusa i Noreg har sagt ja til å ta i bruk ny metode. Helse Bergen ønsker å ta i bruk ny metode frå 01.09.23. Fram til det vil ein bruke tid på å tilpasse prosedyrar i tråd med nasjonale føringar og gjere disse kjent i sjukehuset. Hovudfokus vil alltid vere å redde liv – pasienten ein har framfor seg vil alltid vere førsteprioritet. Ein vil bruke tid på vurderinga om behandling skal stoppast og spørsmålet om organdonasjon vil alltid skje i tett dialog med pårørande. Helse Bergen sitt personell blir ikkje involvert i sjølve inngrepet verken på donor eller mottakar; dette er det alltid Transplantasjonsteamet ved Rikshospitalet som gjer. Avgjerd Brukarutvalet takker for informasjonen og tar den til orientering. Brukarutvalet støtter innføring av ny metode for organdonasjon.
23/39	Orientering til Brukarutvalet; Norwait v / fagdirektør Marta Ebbing Fagdirektør informerte om ulike tiltak i Helse Bergen i etterkant av Norwait-studien. Helsetilsynet var fornøgd med Helse Bergen sitt svar på tilsynsrapporten. Statsforvaltar kom med si vurdering før påske. Politiet har ikkje avgjort saken enno. Helse Bergen ser det som naudsynt med god organisering, god kompetanse og tilstrekkeleg kapasitet til å drive med klinisk forskning for å ivareta pasienttryggleiken. Ein har mellom anna fått på plass gode rutinar for leiarforankring av kliniske forskingsprosjekt. Innspel i møtet: Helse Bergen har jobba grundig med tiltak for både å forebygge liknande hendingar, men også med oppfølging av dei berørte pasientane/pårørande. Avgjerd Brukarutvalet takker for informasjon og tar den til orientering.
23/40	Orientering om Spesialisthelsetenestas rammeverk for samfunnsansvar Leiar i Føretakssekretariatet Lasse Hatletvedt orienterte om prosess for implementering av Spesialisthelsetenestas rammeverk for samfunnsansvar. Det er etablert ein arbeidsgruppe som skal leiast av Lasse Hatletvedt, og det er utarbeidd ein mal for kva områder som skal jobbast med. Arbeidsgruppa er satt saman av deltakarar som jobbar innan aktuelle områder; som Drift/Teknisk avdeling, Personal- og organisasjonsavdelinga og Økonomi. Rammeverket er alt presentert for Ungdomsrådet, og Ida Nordvik derfrå vil gjerne delta i arbeidet. Dei fire helseregionane har saman laget et felles rammeverk for samfunnsansvaret.

	FNs berekraftsmål er inngang til rammeverket; god helse, likestilling mellom kjønna, anstendig arbeid og økonomisk vekst, også forlenga ut i leverandørleddet, klimaendringar (4-5 % av utslippene i Noreg kommer frå helsevesenet). Innspel: Brukarutvalet ønsker både å bli orientert om arbeidet undervegs, samt få moglegheit til å gi innspel. Avgjerd Brukarutvalet takker for informasjonen. Dei ønskjer å få gjennomgang av utkast og moglegheit til å gje innspel, og vil gjerne at saksinnmelder kjem tilbake og gir orientering i Brukarutvalets møte i juni.
23/41	Presentasjon av rapport frå prosjekt Betre Brukarmedverknad v / prosjektleiar Trude Hjortland. Dei tre fokusområda i prosjektet og ulike leveransar blei gjennomgått. Prosjektet er no ferdigstilt og prosjektleiar presenterer no rapporten for sjukehusleiinga og ulike råd og utval. Avgjerd: Brukarutvalet takker prosjektleiar for godt gjennomført prosjekt og god rapport.
23/42	Eventuelt Ingen saker.